

Referat frå møte i FAU 15.01.25

Stad og tid: Personalrom på ungdomsskulen onsdag 13.01.25 kl.18:00. Møtet var etter SMU/FAU møtet same dag.

Deltakarar: Annette Dale Natås (rektor), Camilla Klakegg, Sonja Anita Grøneng, Monica Vaulen, Iselin Sunde, Hilde Losnegard, Thomas Heggelund, Marte Hundvebakke, Jakob Andre Sandal og Reidun Sofie Myklebust.

Referent: Hilde Losnegard

Saker:

1. Høyring til kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen

Høyringsperioden er frå 09.12.24-09.02.25. FAU vil skrive høyringssuttale innan frist. Vi går gjennom uttalen i neste møte før vi sender den inn.

Jakob Andre, Marte og Solfrid vil skrive uttalen. Alle medlemmar i FAU må sende inn sine innspel til Solfrid innan 22.01.25.

FAU kontakt frå kvar klasse vil sende melding på klassesidene. Vi vil der skrive at foreldre som har innspel til FAU kan sende dette til Solfrid på epost innan 22.01.25.

Det skal vere folkemøte på Viksdalen og Vassenden. FAU ønsker å møte på begge møtene.

Gruppemøter politiske parti: FAU vil lage presentasjon og invitere oss med i gruppemøter i februar.

Neste møte i FAU: 05.02.25 kl.17:30